


ÅRSMELDING OG
REKNESKAP

VOLDA ØRSTA
REINHALDSVERK



1999

STYRETS ÅRSMELDING 1999.

Generelt

1999 er VØR sitt 12 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapets disposisjonar med 50% på kvar av kommunane.

<u>Kommune</u>	<u>Standard ab pr 30.11</u>	<u>Kompost ab.</u>	<u>Nærings ab</u>	<u>Slam</u>
Ørsta	3947	62	499	877
Volda	3335	73	335	362
Sum	7282	135	834	1239

Representantskapen avvikla 4 møter og styret 13 møter i 1999. Styremedlemar i 1999 fram til den 22.11 er:

Ove Lid styreleiar, Jorun Austrheim n.leiar, Ingrid Oppedal, Geir Hole, Magnar Lid (tilsett representant til 20.03) Ove Standal (tilsett representant frå 20.03)

Etter den 22.11 er styret:

Kari Aamaas styreleiar, Ove Lid n.leiar, Anne Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog, Ove Standal.

Året er spesielt for VØR då driftsleiar Kjetil Aarøen sa opp ved årsskiftet 98/99 etter 7 år i selskapet. Kjetil slutta 31.03 og gjekk tilbake til stilling i det private næringslivet. Sjølv om det til tider kan storme rundt leiarstillinga i VØR, er interessa for stillinga stor med heile 18 søkjarar.

I tillegg melder Tussa Kraft sin interesse på banen, med tilbod om utleige av dagleg leiar fram til stortingets handsaming av forslaget til endring av definisjonane av forbruks- og næringsavfall i forureiningslova. Slutta stortingets handsaming med ei slik endring, er Tussa villig til å ta over VØR.

Det endelege valet fell på Petter Bjørdal, som startar ved VØR 01.06.99. I perioden mellom 31.03 og 01.06 fungerer Gunn Velle i stillinga som dagleg leiar.

DRIFTA

Innsamlinga av avfall fungerer i godt innarbeidde rutiner. Rett nok får vi en del driftsforstyringar på grunn av småhavari på eldste bilen, men det løyser vi med innleige av bil frå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, og ved at mannskapet tar eit ekstra tak dei dagane dette skjer. Utover dette har vi ingen alvorlige uhell av noko slag.

Administrativt ligg vi etter på mange oppgåver, ikkje minst i gjennomgang av eigenmeldingane til abonnentane frå 1998. For å hjelpe på situasjonen blir Hege Welle fast tilsett i styremøte 22.04.99

Avfallsmengder 1999 i tonn.

Type	1998	1999
Hushaldningsavfall	4444	4338
Restavfall til deponi	2000	2536
Papir	950	1301
Metall	150	354
Plast	0	31
Glas	81	45

Spesialavfall	41	44
SUM	7666	8649

Hushaldnings og forretningsavfallet.

Mengdene til forbrenning går ned i -99. Årsaka er truleg at innbyggjarane våre er langt flinkare til å sortere ut papiret, som auka også i 1999.

Våren -99 blir avfallsplanen ferdig. Etter høyringa i mai-juni blir den vedtatt i kommunene i oktober.

Umiddelbart etter godkjenninga av avfallsplanen startar arbeidet med å førebu innføringa av dunk frå 01.07.2000 og differensiering av avfallsgebyra frå 01.01.2001.

Dette er den største reforma i VØR sin historie sidan innføringa av tvungen renovasjon på -80 talet. Styret tilset Magnar Lid i prosjektstilling og han får i oppgåve å førebu gjennomføring av reforma.

Første oppgåva blir å kvalitetssikre abonnementregisteret, eit arbeid som for det meste er ferdig ved årsskiftet 99/00.

Papp og papir.

Innsamlinga av papp og papir går etter same mønster som tidligare. Vi køyrer inn kvar fjerde veke frå hushaldningane og samlar inn frå næringane i samarbeid med Norsk Gjennvinning. Totalt sett auka papirmengdene i 1999 kraftig i høve 1998.

Glas.

Glasmengdene i -99 gjekk ned i høve til -98. Årsaka er truleg den unormalt høge toppen vi hadde når Vinmonopolet opna utsalet sitt i -98.

Vi ventar at mengdene i 2000 går ytterligare ned. Dette fordi Vinmonopolet har starta sitt eige innsamlingselskap for glas og avfall og på grunn av den generelle overgangen i forbruksmarknaden frå glas- til plast som emballasje.

Grovavfall - metall.

Grovavfall og metallmengdene auka kraftig i høve -98. Årsaka er nok todelt. Det eine er at vi ikkje hadde vekt i Alida. Dermed fekk vi ikkje heilt eksakt fram vektene på det innleverte kvantum.

Den viktigaste grunnen til auken er nok likevel sorteringshallen. Den er ein suksess for miljøet. I -99 ser vi at stadig fleire tar i bruk hallen. Det kjem abonnentar ikkje berre frå sentrumsområda, men også frå Sæbø, Vartdal og Austefjord som tar ibruk hallen som sin leveringsstad. Til tider er det kø for å kome inn å få sortert og levert sitt avfall.

Vi sorterte ut alt trevirke frå august og ut året. Ut på hausten fekk vi det kverna, slik at vi kan bruke det i kompostering av slam. Det er også godt egna til dreng i grøfter. Bønder vil derfor få tilbod om gratis avhenting av slik grovflis våren 2000.

Plast

Hausten -99 startar vi med innsamling av plast frå næringslivet og landbruket. Begge ordningane blir tatt svært positivt imot av brukarane, og vi samlar inn heile 31 tonn plast på seinhausten. Av dette er 20 tonn landbruksplast.

Vi har også planar om starte innsamling frå hushaldningane, men dette er utsett til april 2000.

Spesialavfall.

Innsamla spesialavfallsmenger ligg på om lag same kvantum som i -98. Innsamlingspunktet på Straumshamn blir fjerna etter at butikken blir lagd ned. Styret har vurdert å fjerne enkelte

av innsamlingspunkta, på grunn av krava om tilsyn i spesialavfallsforskrifta. Så langt har vi ikkje gjort det fordi det i mange bygder ikkje finst noko alternativ leveringsstad i nærleiken.

Slam.

Det er ikkje innsamling av slam i -99. Vi brukar derfor hausten til å rydde opp i det midlertidige deponiet i Alida. Rett etter oppstarten av dette arbeidet, blir det ein del mediaoppslag omkring arbeidet vårt. Noko av kritikken som kjem fram er på sin plass, noko av det er etter vårt syn sterkt overdrive og noko av det er ugrunna.

Vi gjennomfører betre rutiner for bruk av deponiet, og vi ryddar opp i avløp og bygg losserampe for å hindre avrenning. Etter det har vi ikkje fått kritikk for lageret vårt.

Komposteringa av slammet fungerer elles bra, og vi har etterkvart eit større parti ferdigkompostert mold klar for sortering, prøvetaking og sluttbruk.

Seinhaustes startar vi arbeidet med kostnadsberegning av eit nytt slamdeponi sett opp mot alternativet å sende slammet til Eid for sluttbehandling. Avgjer om dette vert tatt i 2000.

Elektrisk Elektronisk avfall.

E.E. forskrifta tar til å gjelde 01.07.99. Vi skriv i det høvet avtale med Fransefoss Gjennvinning om å vere regionalt mottak for slikt avfall. Ordninga er god, men har ikkje fått det omfanget som den fortentar. Årsaka er at det vert brukt for lite ressursar til å marknadsføre ordninga overfor næringslivet.

E.E forskrifta omfatta også komfyrar, fjernsyn, mikrobølgeomnar og lignende gjennom returselskapa Elretur og Kvitevareretur. I starten fungerer dette dårlig, men etterkvart stiller leverandørane med containerar og anna innsamlingsutstyr. I dag går dette mykje betre, og mengdene som i dag går til deponi er kraftig redusert.

Her gjenstår likevel eit stort haldningsskapande arbeid overfor publikum før dette er tilfredstillande. I for mange containerar frå dødsbu, rydding i høve flytting og lignende er det innblanda alt for mange slike artiklar. I knust tilstand er dei berre egna til deponi.

Personal og arbeidsmiljø.

VØR har i dag 3 faste administrative stillingar. Frå 01.11 har vi ei engasjementstilling knytt til innføring av dunk. På sorteringshallen har vi 2 tilsette og på innsamlings sida har vi 11 tilsette fordelt på dei fire innsamlingslaga våre. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei ulike utfordringane godt. Her er eit godt arbeidsmiljø med godt samhald. Vi har hatt tre personar på langtidssjukemelding og disse stillingane har vore dekt opp ved innleige av ekstramannskap.

Første sekretæren kom tilbake etter morspermisjon i desember-99.

Vi har eit nært samarbeid med Bedriftshelsetenesten. Internkontrollsystemet fungerer, og det er gått ei vernerunde i 1999. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

RAMMEVILKÅR.

Avfallsplan

Avfallsplanen er vedteken av kommunen. Planen skal rullerast om fire år. Styret har alt starta arbeidet med å følgje opp planen ved å innføre dunkar og legge opp til differensierte gebyr frå 01.01.2001.

Endring av renovasjonsforskriftene.

Avfallsplanen medfører at renovasjonsforskriftene må reviderast. Styret sette derfor ned ei nemd som skal gå igjennom forskriftene med tanke på å få disse oppdaterte.

Ny organisasjonsform

Kommunene vurderar organisasjonsforma til VØR. Det er venta at nemda som arbeider med dette vil legge fram si innstilling i løpet av år 2000.

Konsesjon.

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava.

VØR mellomlagrar også avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR vil i år 2000 finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR fekk også i 1999 kostnader som oversteig inntektene. Årsresultatet syner eit underskot på kr 632.189.

Underskotet kjem først og fremst av at selskapet fekk kr 1.110.872 mindre i inntekter i 1999 enn budsjettert.

Arbeidet med kvalitetssikring av abonnementsregisteret er vidareført i 1999, men på grunn av permisjonar og skifte av dagleg leiar er dette arbeidet ikkje slutført før ved årsskiftet -99 / 00, med avgiftsvirkning frå 01.01.2000. Forseinkinga resulterte i eit inntektstap for VØR i 1999 på 365.000 kr.

Avfallsmengden over vekt er kr 540.000 mindre enn budsjettert. Resten skuldast svært mange søknader om fritak for avgift. Vi hadde over 300 innvilga fritak for avgift i -99, som åleine representerar eit inntektstap på over kr 500.000.

På personalsida har vi eit meirforbruk på kr 300.000 i høve det budsjetterte, noko knytt til meirarbeid i sorteringshallen og noko knytt til administrasjonen.

I 1999 auka selskapets driftskostnader kraftig i høve til 1998. Største utslaget gjorde statens innføring av slutthandsamingsavgifta for alt avfall tilslutthandsaming.

Den ramma VØR sterkt. Vi leverer hushaldningsavfallet til Ålesund Forbrenning som på grunn av lav energiutnytting får tilnærma full deponiavgift på alt avfall.

Grovavfallet blir sendt til Vestnes Renovasjon der vi også får full avgift.

I tillegg er 1999 det første heile driftsåret for miljøstasjonen. Den er ein suksess for miljøet og populær blant innbyggjarane våre. Medrekna trevirket som vi sorterar ut, auka grovavfallsmengdene i 1999 frå om lag 2000 tonn i 1998 til over 2500 tonn i 1999. Mykje av dette volumet kjem inn under den frie leveringsretten frå dei private på 1000 kg pr abonnement som VØR ikkje får kompensert med tilsvarande auke i inntektene.

Akkumulert underskot i VØR er no på kr 1.283.607,- for åra 1997, 1998, 1999. Det er derfor ei prioritert oppgåve for styret i 2000 å få inntekter og kostnader under kontroll, slik at VØR igjen kjem i økonomisk balanse. Målet er å dekke underskota inn i løpet av år 2000 og 2001.

Hovdebygda 20.03.00

For styret i VØR
Kari Aamaas

Volda / Ørsta Reinholdsværk
971046147

		010199	010198
RESULTAT	NOTE	-311299	-311298
Salgsinntekt		17 864 644	17 330 914
Annen driftsinntekt		2 235	43 911
Varekostnad		- 365 500	- 446 842
Lønnskostnad	2	- 5 146 686	- 4 756 839
Avskrivning	3	- 1 470 939	- 1 430 391
Annen driftskostnad	2	- 10 414 936	- 10 366 778
DRIFTSRESULTAT		468 818	373 975
Annen renteinntekt		63 759	34 495
Annen rentekostnad		- 1 164 766	- 972 763
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		- 632 189	- 564 293
Som er brukt til:			
Overført annen egenkapital		632 189	564 293
Sum disponeringer		632 189	564 293

Volda / Ørsta Reinhaldsverk
971046147


BALANSE	NOTE	311299	311298
EIENDELER			
Anleggsmidler			
<u>Varige driftsmidler</u>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	15 053 485	15 715 402
Maskiner og anlegg	3	1 226 347	1 415 415
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	1 008 611	1 342 655
Sum varige driftsmidler		17 288 443	18 473 472
Sum anleggsmidler		17 288 443	18 473 472
Omløpsmidler			
Varer		153 316	89 653
<u>Fordringer</u>			
Kundefordringer		364 973	338 865
Andre fordringer		209 853	1 038 072
Sum fordringer		574 826	1 376 937
Bankinnskudd, kontanter og lignende	4	917 186	209 074
Sum omløpsmidler		1 645 328	1 675 664
SUM EIENDELER		18 933 771	20 149 136

Volda / Ørsta Reinhaldsverk
971046147

BALANSE	NOTE	311299	311298
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
<u>Opptjent egenkapital</u>			
Annen egenkapital		922 685	1 554 874
Sum egenkapital		922 685	1 554 874
Gjeld			
<u>Annen langsiktig gjeld</u>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	15 962 176	15 826 321
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		0	319 056
Leverandørgjeld		901 409	903 723
Skyldige offentlige avgifter		581 195	624 435
Annen kortsiktig gjeld		566 306	920 727
Sum kortsiktig gjeld		2 048 910	2 767 941
Sum gjeld		18 011 086	18 594 262
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		18 933 771	20 149 136

Hovdebygda, den 3. april 2000


Ann Britt Våge Fannemel




Ove Lid




Ove Standal



Petter Bjørdal
Dagleg leiar



Kari Aamås



Ivar Aarskog

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 1999

Note 1 Regnskapsprinsipper og virkning av prinsippendringer.

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Følgende regnskapsprinsipper er anvendt: den laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi for varer innkjøpt for videresalg, forsikret pensjonsforpliktelse er ikke balanseført – kostnaden er lik årets utbetaling til forsikringsselskapet, leieavtaler er ikke balanseført, varige driftsmidler avskrives som hovedregel lineært over forventet økonomisk levetid.

Note 2 Ansatte, godtgjørelse, lån til ansatte m.v.

Lønnskostnader består av følgende poster:	1999	1998
Lønner:	4.063.312	3.921.770
Folketrygdavgift:	557.287	466.117
Pensjonskostnader:	392.333	267.830
Andre lønnskostnader:	133.754	101.122
Sum lønnskostnader:	5.146.686	4.756.839

Det har i 1999 vært gjennomsnittlig 15 ansatte i selskapet.

Godtgjørelser	Daglig leder	Styre / Rep.skap
Lønn:	350.342	107.062
Pensjonspremie:	10.745	-
Annen godtgjørelse:	7.880	5.054

Årets netto pensjonskostnad fremkommer på følgende måte:

Årets pensjonspremie:	392.333
Pensjonskostnad i alt:	392.333

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 1999 utgjør kr. 7.875.

Note 3 Varige driftsmidler.

Anskaffelseskost 01.01.99:	22.164.100
Tilgang:	285.909
Avgang:	0
Anskaffelseskost 31.12.99:	22.450.009
Akkumulerte avskrivninger kostpris 31.12.99:	7.815.940
Balanseført verdi 31.12.99:	14.634.069
Årets avskrivninger:	1.470.939

Note 4 Bundne midler.

I posten inngår bundne bankinnskudd med kr. 213.872.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantstillelser og garantier.

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt:


Gjeld til kredittinstitusjoner:	8.642.241
---------------------------------	-----------

Pantstillelser og lignende:	Gjeld sikret ved garantier fra eierne:
Gjeld til kredittinstitusjoner:	15.962.176

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA



REVISJONSMELDING FOR 1999

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk for rekneskapsåret 1999 som viser eit årsunderskot på kr. 632.189,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsførar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 1999 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk

Løysnes, 10. april 2000


Jostein Støylen
revisjonssjef
